

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

III. INNSKRIFTER MED *fupork*

[**811**] N-52445. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [47]; NOR 1989:7; NOR 1992:11; NOR 1993: 23; Seim 1999: 352.)

Innskrifta står på eit defekt (kniv)skaft av tre. Den bevarte delen er 137 mm lang og har ovalt tverrsnitt med største mål 33 x 23 mm. Gjenstanden vart funnen i 1978, felt FP, hovudfase 6. Det vil seia i ein funnkontekst som kan daterast arkeologisk til tredje kvartal av 1100-talet. Skaftet er prydd med tre parallelle snitt som går rundt det heile.

Innskrifta vart ikkje oppdaga før i 1988 i samband med gjennomgang av materiale i magasin. Runene vart den gongen mistolka, eit mistak som seinare har vorte retta opp (jf. tilvisingane til NOR ovanfor). Den delen av innskrifta som er bevart, er 23 mm lang og runene 11-14mm høge. Framom første leselege rune er det to svakt synlege snitt som ser ut til å vera restar av ein stav (her kalla r. 1). Første leselege rune (r. 2) er ein tydeleg **u** jamvel om veden med øvre del av runa er avskala. Nedre del både av stav og boge er dregen mot venstre i høve til skriveretninga. Også øvre del av r. 3 er borte, dvs. øvre del av stav og ein boge. I samanhengen må runa sikkert kunna identifiserast som ein skadd **p**. R. 4 har stav og ein tydeleg kvist ned mot venstre. Under denne kvisten er det svært svake spor av ein parallell kvist. Runa må såleis kunna oppfattast som **o**. R. 5 har boge som så vidt tangerer staven eit stykke nedanom midten. Svake restar av ein kvist frå tangeringspunktet mellom nedre del av boge og stav og ned mot høgre er bevart. Runa må kunna lesast som **r**. Jamt med restane av kvistene ligg to parallelle snitt som startar oppe mot toppen av r. 4 og går heilt ned til basis av r. 6. Det ser ikkje ut til at desse er del av innskrifta. R. 6 har også avskala topp. Heilt i øvre kant av den bevarte staven er restane av ein kvist opp til høgre bevart. Runa må såleis kunna identifiserast som **k**. Fram til og med r. 3 ligg det fleire tynne riss på skrå over runene. Liksom snitta frå toppen av r. 4 til basis av r. 6 ser dette ut til å vera påført gjenstanden på eit seinare tidspunkt enn då runene vart til. Innskrifta kan såleis alt i alt sikkert identifiserast som *Fés ætt* i ein **fupork** (jf. NOR 8: 23).

[:] ∩ 4(?) R Y

[**f** **u** **o**(?) **r** **k**

(*f*)*upork*

Slik dette fragmentet er rissa inn på gjenstanden, ser det her ikkje ut til å ha vore planlagt nokon fullstendig **fupork**. Men første *ætt* av fupork utan andre tillegg er ikkje eineståande i innskriftsmaterialet elles (jf. t.d. Gosling 1989: 179f; Seim 1999: 338, 341, 352).